
Fra: Joar Stegane
Sendt: 27.09.2006 17:11:51
Til: Postmottak KRD;kjell.skaflestad@naustdal.kommune.no;Stegane Runolv
Kopi:
Emne: høyringutsegn

Naustdal eldreråd
Joar Stegane
Øyrabakken 16
6817 NAUSTDAL

Naustdal, 27.9.06

EI LITA HØYRINGSUTSEGN TIL NOU 2006 : 7 (DET LOKALE FOLKSTYRET I ENDRING)

Så langt leiaren i eldrerådet har fått vite, kjem ikkje Naustdal kommune til å sende noka høyringsfråsegn. Difor sender undertekna utsegna som fylgjer, og som berre vedkjem stoda til eldreråda i kommunane.

Vi (eldrerådet) meiner at både eldrerådet og ei representasjonsordning for funksjonshemma må vere lovfesta, slik som det er no.

Det er no slik at små kommunar med veik økonomi beheld berre oppgåver som er lovpålagde og snautt nok det. Det hadde nok knapt funnest eldreråd i Naustdal kommune viss det ikkje hadde vore er lovpålagt.

Eldrerådet ser heller ikkje ut til å vere særskilt elska av kommunen. Det går noko tregt å få tak i saksdokument og nødvendig materiale frå kommunen for å kunne fungere. Og vi har vanskar med å få det tidsnok. Vi får ei kjensle av å vere meir til bry enn til hugnad - hår i suppa - som kjem og vil kike kommunen i korta i utrengsmål.

Og det verkar som om våre utsegner og det vi uttalar, stort sett blir neglisjert.

Tvert imot meiner vi at lova må styrkjast, slik at eldrerådet i klartekst får tale- og forslagsrett i kommunestyret, og det må gå tydelegare fram av lova at kommunen pliktar å ta omsyn til det som eldrerådet meiner og legge tilhøva betre til rette for at rådet skal kunne utføre oppgåvene sine på ein god måte. Vi trur òg det må ei haldningsendring til.

Det same gjeld dei politiske partia som arbeider for å få ungdom på listene sine, men eldre bryr dei seg mindre om. Politikken i kommunane er blitt ein arena for dei mellom 25 og 50.

Eldre - 60 og oppover - er i dag sterkt underrepresentert i kommunestyra. SSB og Statens eldreråd har talmateriale på dette, som m.a. seier at litt over 10 % av representantane i kommunestyra er over 60 år medan denne gruppa utgjer om lag 25 % av dei røysteføre.

Dette mishøvet vil etter alt å døme auke i åra som kjem.

Administrasjonen og politikanane treng eldrerådet som referansegruppe. Eit stikkord her er livsrøynsle. Rådet skal utgjere eit viktig organ for deltaking og påverknad for å ta vare på interessene til dei eldre i forvaltninga av kommunane.

Det som er sagt ovanfor, tilseier ei styrka lovfesting av eksistensen til eldreråda, ikkje ei svekking, slik konsekvensen av det fleirtalet meiner, kjem til å bli.

Vi må alle oppmode eldre til auka deltaking i det politiske livet! Dei unge av i dag er dei eldre av i morgon!

På vegne av Naustdal eldreråd

Joar Stegane (leiar)

